

Fjord kommune: varaordfører Lars Kristian Øvrebust
Giske kommune: varaordfører Marit G. Alnes
Hareid kommune: varaordfører Oskar Grimstad
Haram kommune: varaordfører Siv Katrin Ulla Hagala
Herøy kommune: ordfører Ann-Kathrin Storøy
Sande kommune: ordfører Dag Vaagen
Stranda kommune: ordfører Einar Arve Nordang
Sula kommune: ordfører Turid Humlen (leiar)
Sykkylven kommune: ordfører Olav Harald Ulstein (nestleiar)
Ulstein kommune: ordfører Stian Skorgen Scheide
Vanylven kommune: ordfører Paul Sindre Vedeld
Vestnes kommune: ordfører Randi Bergundhaugen
Volda kommune: varaordfører Sverre Leivdal
Ørsta kommune: ordfører Per-Are Sørheim
Ålesund kommune: politiker Anne Berit Støyva Emblem

Ålesund, 10. juni 2026

Innkalling til representantskapsmøte nr. 3-2026

Dato: 18. september 2026

Tid: kl. 10.00-14.00

Stad: Quality Hotel Ålesund

Sak 10/26: Godkjenning av innkalling.

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Forslag til vedtak: Innkallinga blir godkjend.

Sak 11/26: Godkjenning av sakliste. Saker til eventuelt.

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Forslag til vedtak: Saklista blir godkjend.

Sak 12/26: Val av to personar til å underteikne protokollen saman med møteleiar

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Signering skjer digitalt.

Forslag til vedtak: ... og ... blir valde til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

Sak 13/26: Orientering om Stad skipstunnel

Ved Sveinung Nedregotten, Kystverket

Det blir gitt ei orientering om siste utvikling i saka om Stad skipstunnel og planane vidare.

Forslag til vedtak: Representantskapet tek orienteringa til vitande.

Sak 14/26: Status for omstilling i regionrådet

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Representantskapet vedtok 29. april å redusere budsjettet med 14 prosent i 2026, tilsvarande ein heilårseffekt på 31 prosent frå 2027.

Det blir orientert om status for gjennomføringa av omstillinga.

Forslag til vedtak: Representantskapet tek orienteringa til vitande.

Sak 15/26: Arena Sunnmøre 2026

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Dagleg leiar presenterer tentativt tema, tidspunkt og innleiarar.

Forslag til vedtak: Representantskapet tek orienteringa til vitande.

Sak 16/26: Arendalsuka 2027

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen og dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

«Regionrådet skal søke samarbeid for å etablere ein attraktiv møteplass for sunnmørsregionen under Arendalsuka, frå og med 2026.», står det å lese i strategien til regionrådet.

I møte nr. 4-25 signaliserte representantskapet at det er ønskeleg at regionen er tilstades under Arendalsuka. Ein lukkast ikkje med dette i 2026, sjølv om det var konkrete initiativ på gong.

I møte blir det gjort greie for status og moglege løysingar i 2027.

Forslag til vedtak: Representantskapet tek orienteringa til vitande.

Sak 17/26: Orientering frå dagleg leiar

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Dagleg leiar orienterer om arbeidet som er gjort i regionrådet den seinare tida og kva som er planlagt framover, m.a knytt til samferdsel og omstillinga og økonomien i helseføretaket.

Forslag til vedtak: Representantskapet tek orienteringa til vitande.

Sak 18/26: Høyringsinnspel til «Den nye velferds kommunen»

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

[NOU-en er på høyring og kan lesast her.](#) Fristen er 20. september. Det er utarbeidd eit forslag til uttale:

«Sunnmøre regionråd støttar hovudretninga i NOU 2026:6 *Den nye velferds kommunen*.

Demografiske endringar, mangel på arbeidskraft og aukande behov for kommunale tenester gjer det nødvendig å arbeide på nye måtar. Førebygging, innovasjon, betre bruk av kompetanse og meir samarbeid vil vere avgjerande for å sikre berekraftige velferdstenester i åra framover.

Kommunane på Sunnmøre har ulik storleik, geografi og føresetnader. Eit sterkt lokalt sjølvstyre og rom for lokale tilpassingar må liggje til grunn for den vidare utviklinga av velferdstenestene. Samstundes kan frivillig samarbeid mellom kommunar gi betre tilgang til kompetanse, større fagmiljø og meir effektiv utvikling og deling av løysingar. Statlege verkemiddel bør derfor leggje til rette for slike samarbeid der kommunane sjølve vurderer at det er tenleg.

Regionrådet støttar etableringa av eit praksisnært program og betre system for å spreie og ta i bruk løysingar som fungerer. Programmet må vere langsiktig, føreseieleg og enkelt å ta i bruk, også for små og mellomstore kommunar. Opptrappinga må gi kommunane reelt større kapasitet til omstilling

og utvikling, og må ikkje finansierast på ein måte som reduserer kommunane sine frie inntekter og lokale handlingsrom.

Regionrådet meiner samtidig at forslaget om å leggje forvaltninga av programmet til Statsforvaltaren bør vurderast nærare. Ei slik ordning må sikre tydeleg kommunal medverknad og eigarskap, og ikkje føre til at støtte til innovasjon og utvikling blir kopla for tett til Statsforvaltaren si rolle som tilsyns- og kontrollorgan.

Sunnmøre regionråd støttar utvalet si vurdering av at kommunane i dagens situasjon ikkje bør få ytterlegare oppgåver overførte frå spesialisthelsetenesta. Dersom ansvar eller oppgåver blir endra, må nødvendige økonomiske ressursar, kompetanse og rammevilkår følgje med. Dette er også i tråd med utvalet si eiga vurdering om at kommunane no ikkje bør få nye oppgåver frå spesialisthelsetenesta.

Framtidas velferdstenester må utviklast lokalt, med rom for samarbeid der dette gir betre tenester, sterkare fagmiljø og meir effektiv ressursbruk.»

Forslag til vedtak: Sunnmøre regionråd avgir høyringssvar til NOU 2026: 6 «Den nye velferdskommunen», slik det går fram av saka.

Sak 19/26: Høyringsinnspel til utviklingsplanane for Helse Møre og Romsdal og Helse Midt-Norge

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

I samarbeid med dei andre regionråda og sekretariatet i Helsefellesskapet er det utarbeidd forslag til felles uttale frå kommunane i fylket. Faglinja er ivaretatt gjennom involvering av kommunalsjefane for helse.

I forslaget til uttale er det lagt opp til ein overordna, politisk inngang, i tråd med dei politiske initiativa som regionråda og kommunane har fronta dei seinare åra.

Sidan ein ikkje rekk politisk behandling i dei enkelte kommunane, så er målet å samlast om ein felles politisk inngang, med spesifikke avslutningar tilpassa høvesvis HMN og HMR. I tillegg kan dette sendast som eit samla innspel, med to delar. Ein politisk og ein fagleg.

- Utkastet til den politiske utsegna som bind det saman ligg her:
https://sunnmoreregionrad.no/wp-content/uploads/2026/09/Hoyringssvar-til-Utviklingsplan-HMR-HMN-2027-2030_v1.0.pdf

- Utkastet til felles faglege høyringsinnspel til den regionale planen ligg her:
https://sunnmoreregionrad.no/wp-content/uploads/2026/09/Utkast_felles-horingsinnspill_Regional_utviklingsplan_HMN_2027-2040_08.09.26.pdf
- Utkastet til felles faglege høyringsinnspel til utviklingsplanen for HMR ligg her:
https://sunnmoreregionrad.no/wp-content/uploads/2026/09/Utkast_felles-horingsinnspill_Utviklingsplan_HMR_2027-2030_08.09.26.pdf

Forslag til vedtak: Sunnmøre regionråd avgir høyringssvar til utviklingsplanane for høvesvis HMN og HMR i tråd med saka. Administrasjonen bedast gjere naudsynte redaksjonelle endringar og sende dette til rette mottakarar, med medlemskommunane på kopi.

Sak 20/26: Val av nytt styre

Ved Einar Arve Nordang, leiar i valnemnda

Valnemnda legg fram innstillinga si i møtet.

Forslag til vedtak: Representantskapet vedtar styret for perioden 2026-2027, i tråd med valnemnda si innstilling. Styret blir som følgjer:

Sak 21/26: Eventuelt

Med venleg helsing

Turid Humlen
leiar for representantskapet

Sverre Øvrelid Steen
dagleg leiar

Kopi:
Styret i Sunnmøre regionråd
Kommunedirektørane i medlemskommunane